

Konsesjonen gis på ubegrenset tid, dog begrenset til den tid leieavtalen for fallrettighetene varer.

Konsesjonen kan revideres i år 2000, dvs. 50 år etter konsesjonstidspunktet, jf. lov om endringer i vassdragsreguleringsloven m.fl. av 19. juni 1992 nr. 62 kap. VI nr. 3. Departementet foreslår derfor at det tas inn standardvilkår om revisjon for å justere konsesjonsvilkårene i henhold til gjeldende lovverk. Reguleringskonsesjonen er gitt for 50 år fra den 16. juni 1950 som er tidspunktet for inngåelse av leieavtalen om vannfallrettighetene. Revisjonstidspunktet bør derfor fastsettes i henhold til denne datoen:

Vilkårene for konsesjonen kan tas opp til alminnelig revisjon 50 år etter 16. juni 1950. Dersom vilkårene blir revidert, har konsesjonæren adgang til å frasi seg konsesjonen innen 3 måneder etter at han har fått underretning om de reviderte vilkår, jf. vassdragsreguleringsloven § 10 post 3, første ledd.

Som en følge av endringen i post 1, første ledd, bortfaller fjerde ledd som har vilkår som knytter seg til hjemfallet av reguleringsanleggene. Revisjonsbestemmelsen foreslås som nytt fjerde ledd.

Vilkårenes post 1, annet ledd om at konsesjonen ikke kan overdras, tredje ledd om forbud mot avhendelse, pantsettelse o.l. og femte ledd om at anleggene ikke må nedlegges uten statsmyndighetenes samtykke, opprettholdes som før.

Videre blir konsesjonsvilkårenes post 2 om innløsning av anleggene å oppheve.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

I medhold av lov om vassdragsreguleringer av 14. desember 1917 nr. 17 § 10 endres Varanger Kraft As reguleringskonsesjon av 06.11.1953 for reguleringer og overføringer som utnyttes i Gandvik kraftverk i samsvar med Olje- og energidepartementets foredrag av 18. januar 1998.

15 Tussa Kraft AS

Regulering av Litlebøelva i Volda kommune. Endring av manøvreringsreglementet.

Kongelig resolusjon 18. juni 1998

I. Innledning

L/L Tussa Kraft fikk ved kongelig resolusjon 4. mars 1988 tillatelse til erverv og regulering av Litlebøelva i Volda kommune. Et settefiskanlegg har imidlertid vannuttak i vassdraget. Manøvreringsreglementet inneholder en bestemmelse om at det skal tappes fra Litlebøvatnet dersom det er vannføringer mindre enn 280 l/sek. ved settefiskanleggets vanninntak i Litlebøelva.

Settefiskanlegget var i drift før konsesjonen til kraftselskapet ble gitt. Anlegget ble etter en konkurs overtatt av Tussa Kraft i februar 1989. Driften av fiskeanlegget ble avvirket, og har vært ute av drift. Det er aktuelt å selge fiskeanlegget til Dale Fiskeoppdrett A/S. Tussa Kraft har i den sammenheng søkt om å få redusert vannføringen ved inntaket til settefiskanlegget fra 280 l/s til 150 l/s. Nåværende leietaker og fremtidig kjøper av settefiskanlegget mener selv at 150 l/s er en passende vannmengde for videre drift av settefiskanlegget.

II. Søknaden og NVEs innstilling

NVE mottok følgende søknad om endring av konsesjonspålagt minstevannføring, datert 18. januar 1993 fra Tussa Kraft AS:

«I konsesjon gitt ved kongeleg resolusjon av 4. mars 1988 står det følgende i manøvreringsreglementet:

«Ved vannføringer mindre enn 280 l/sek. ved settefiskanleggets vanninntak i Litlebøelva skal det tappes fra magasinet for å oppfylle dette kravet. For øvrig kan manøvreringen foregå etter kraftverkets behov».

Samstundes med bygginga av Dale Kraftverk i 1988 gjekk settefiskanlegget som var tiltenkt vatn, konkurs og fiskeanlegget vart overteke av Tussa Kraft den 1. februar 1989. Drifta av fiskeanlegget vart avvika, og anlegget har vore ute av drift til no. Det er no aktuelt å selje fiskeanlegget til Dale Fiskeoppdrett A/S. Ein føresetnad for salet er at Tussa Kraft i kritiske situasjonar skal levere vatn til settefiskanlegget mot betaling. Dette går fram av punkt 5 i oppretta kontrakt mellom Tussa Kraft A/S og Dale Fiskeoppdrett A/S.

Fiskeanlegget har dessutan reserveinntak i Litlebøelva og Daleelva. Behovet for minste-

vassføring fell dermed bort, og Tussa kraft søker hermed om å få endra den ovanfor siterte ordlyden i punkt 2 i manøvreringsreglementet i samsvar med dette.

Dersom dette ikkje går i orden, kan det vere årsak til at avtalen om sal av settefiskanlegget ikkje let seg gjennomføre slik som avtalt. Begge partar i saka er sterkt interesserte i å kome fram til ei avgjerd, og vonar å få eit snarleg svar på søknaden. Kopi av dette brevet vert sendt fylkesmannen i Møre og Romsdal og Volda kommune slik at dei er kjende med saka.»

Senere mottok NVE søknad fra *Tussa Kraft AS* av 14.06.94 om endring av vannslipping i forhold til tidligere innsendt søknad. Søknaden gjengis slik:

«Konsesjonspålagt vasslepping til settefiskanlegg.

Viser til vårt brev dagsett 18.01.93 om reduksjon eventuelt bortfall av pålagt vasslepping. Saka vedkomande vassrettar og vasslepping ser no ut til å gå mot ei avgjerd. Tussa Kraft AS er etter dom i heradsretten tilkjent vassrettar både i Litlebølva og Dalselva. 1 styremøte den 10.06.94 gav styret i Tussa Kraft AS administrasjonen fullmakt til å arbeide vidare med saka innafør dei rammene som var trekte opp i saksframstillinga, og å inngå nødvendige avtalar i den samanheng.

I saksframstillinga lydte framlegg til nytt punkt 2 i manøvreringsreglementet for Dale Kraftverk slik:

Konsesjonæren pliktar å halde ei vassføring som dekkjer krava til settefiskanlegget ved utløpet fra kraftverket på inntil 150 l/sek. Konsesjonæren er ikkje pliktig å magasinere for å oppfylle vassleppingskravet. Elles kan manøvreringa føregå etter kraftverket sitt behov.

Tussa Kraft AS søker hermed om å få redusert vassføringa ved inntaket til settefiskanlegget frå 280 l/s til 150 l/s.

Noverande leigetakar og framtidig kjøpar av settefiskanlegget på Dale er kjend med saka. Han har sjølv vore med å fastsetje vassføringa til 150 l/s som ei passende vassmengde for vidare drift av settefiskanlegget.

Vi vonar opplysningane gjer det lettare for NVE å handsame saka vidare og at NVE kan slutte seg til vårt framlegg til eit nytt punkt 2 i manøvreringsreglementet. Dersom De ynskjer fleire opplysningar i saka, står vi gjerne til teneste.»

Endringssøknaden ble sendt på høring til Volda kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, SFT, grunneigarar i Dalsbygd og Dalsbygd Grendalag. Den første søknaden var tidligere sendt på

høring til Volda kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Statens forurensningstilsyn, SFT.

For å søke å oppklare en misforståelse i forbindelse med vannslippet til settefiskanlegget opplyste NVE i brev av 26.07.94 til SFT bl.a. at settefiskanlegget var i drift før konsesjonen til kraftselskapet ble gitt, og at pålegget om vannslipping var gitt av hensyn til settefiskanleggets drift. Vanligvis tas dette vatnet direkte fra kraftverkets avløpsvatn (turbinvatn). De 3 gårdsbrukene som SFT har omtalt i et tidligere brev, ligger oppstrøms kraftverket og inntaket til settefisk, og det er ikke pålegg om minstevassføring på denne strekningen.

Fra en lengre uttalelse fra *Volda kommunestyre* refereres vedtak, vurdering og konklusjon:

Volda kommunestyre fattet med 19 mot 14 stemmer følgende *vedtak* i møte 20.10.1994:

«Volda kommune går imot Tussa Kraft AS sin søknad om redusert minstevassføring og meiner at oppdettсанlegget i framtida burde drivast opp mot det nivået oppdrettsløyvet lyder på i dag, med tanke på framtidige arbeidsplassar i bygda.

Det er og ynskjeleg at det vert sett ei nedre grense på minstevassføringa i Litlebølva ut frå omsynet til ureining, og til den naturlige stamma av laksefisk.»

Vurdering:

Kraftverket i Dalsbygda er i drift stort sett heile året, bortsett frå eit par veker då det vert drive generelt vedlikehald av turbinar og generatorar m. v. Så lenge kraftverket er i drift, får ikkje minstevaskravet på 280 l/sek nokon særleg praktisk verknad. Prosessvatnet frå turbinane som renn ut i settefiskanlegget sitt inntak, inneheld i hovudsak eit høgare tal liter. Under driftsstans som nemnt ovanfor, må kraftverket syte for at uregulert vassføring (frå nedslagsfeltet under demninga i Litlebøvdassdraget) og avløp frå kraftverket tilsaman ikkje er mindre enn 280 l/s ved vassinntaket til settefiskanlegget.

Dei konsesjonspålagte 280 litrane er i utgangspunktet tiltenkt settefiskanlegget. Sjølv om desse litrane i sin heilskap kan takast inn og brukast i drifta, og dermed ikkje kjem vassdraget nedanfor inntaket til gode, så er dei praktiske tilhøva i dag litt annleis.

Settefiskanlegget driv relativt beskjedent og tek berre inn den vassmengda dei treng. I dag ligg den «langt» under kravet om minstevassføring. Skulle driftsstogg skje i ei tørr periode, ville den delen av dei 280 litrane som settefiskanlegget ikkje gjer seg

nytte av sikre ei beskjeden, men nyttig vassmengd for naturleg yngel av laksefisk i den nedre del av vassdraget. Bestandane av laks og aure er relativt små, men vesentlege for trivnad og fritidsfiske i bygda.

Tussa Kraft AS har som rutine å leggje driftstans til mai månad, då det er snøsmelting og god vassføring både i Dalselva og den delen av Litlebøvassdraget som ikkje er regulert. Venteleg vil ikkje reduksjon av minstevassføringa bety så mykje for den naturlege laksestamma.

Dalselva er hovudtilførsle til den nedre delen av vassdraget, men er ei flaumelv med store fluktuasjonar i vassføring. Det ville difor vere ynskjeleg med ei viss minimumstilførsle frå Litlebøelva/magasinet som kunne sikre ei beskjeden, men nyttig vassmengd i periodar med samanfallande lite nedbør/tilsig og driftstans i kraftverket, eller om settefiskanlegget vert nedlagt. Ordlyden i punkt 2 i manøvreringsreglementet bør difor innehalde ei nedre grense for minstevassføringa.

I høve uttak av vatn frå Dalselva til drifta ved settefiskanlegget, så er dette av dårlegare kvalitet enn vatnet frå kraftverket og Litlebøvassdraget. Det er det difor ikkje ynskjeleg å bruke. Settefiskanlegget driv beskjedent og ynskjer å halvere oppdrettsløyvet på ein million smolt. Settefiskanlegget vil då maksimum trenge ca. 125 l/s året rundt. Ein reduksjon av minstevassføringa til 150 liter i sekundet vil ikkje auke uttaket frå Dalselva. Det føreset at kraftverket garanterar for desse 150 litrane, eller mengda vatn settefiskanlegget treng til ein kvar tid.

Administrasjonen har ikkje føresetnader for å vurdere om marknaden eller dei tekniske tilhøva ved settefiskanlegget i framtida kan tilseie ein produksjon på nivå med noverande oppdrettsløyve, eller kva for ringverknader det kan få for lokalsamfunnet. Ein er likevel av den meining at kraftselskapet til ein kvar tid må stette anlegget sitt vassbehov uavhengig av oppdrettsvolum.

Konklusjon:

Søknaden om nedsett minstevassføring til 150 l/s vil ikkje få nemnande konsekvensar for uttak av vatn i Dalselva. Produksjonsmengda som settefiskanlegget legg opp til, vil krevje mindre vassforbruk enn dette. Vasskvaliteten frå Litlebøvassdraget er også betre enn i Dalselva.

Administrativt har ein ikkje føresetnad for å vurderemarknad, oppdrettsvolum og dei konsekvensar dette får for arbeidsplassar i bygda. Ein ser det som viktig at prinsippet, eller intensjonen bak kravet om minstevassføringa framleis må gjelde. Kraft-

selskapet bør til ein kvar tid ha plikt til å supplere vassmengda som settefiskanlegget treng i si drift.

Ved reduksjon av minstevassføringskravet er det større sjanse for at tilhøva for laksefisk i elva kan verte dårlegare, dersom driftstans ved kraftverket skjer i ei tørr periode og settefiskanlegget då nyttar heile den garanterte minstevassføringa. Ein er klår over at dette er fullt mogleg ut frå den intensjonen som ligg i konsesjonsvilkåret. Ein vil likevel føreslå ei nedre grense for å sikre desse naturomsyna og førebygge ureining, om settefiskanlegget i framtida skulle verte nedlagt.

Volda kommune, Landbrukskontoret, uttalelse av 01.06.93:

«Eg viser til synfaring og møte i Dalsbygda den 28. mai vedk. denne saka, der også Teknisk etat var representert ved Asbjørn Aasebø.

Til spørsmålet om endring i vassmengde som Tussa kraft skal vere forplikta til å levere til settefiskanlegget frå Litlebøelva, har eg i utgangspunktet ingen merknad.

Ei anna sak er det imidlertid dersom ei slik endring medfører at Dalselva vert vasskjelde for fiskeanlegget.

Dalselva har i stor grad tilsig frå relativt store jordbruksareal som vert aktivt drivne. Sjølv om det i prinsippet er ulovleg å forureine elva, er det ikkje til å unngå at normal drift og vedlikehald av dei dyrka areala i ein del tilfelle kan medføre slik endra tilstand i vasskvaliteten at det kan påføre settefiskanlegget økonomisk tap. Eksempelvis kan nemnast at grøfter og kanalar krev opprensing og vedlikehald tid om anna, noko som vil medføre kortvarige forureinings-tilstandar i elva. Like eins kan ein ikkje sjå bort frå at tilsig frå m.a. normal gjødsling av areala vil kunne virke inn på vasskvaliteten. Det synest ikkje rimeleg at brukarane i høve som dette skal kunne dragast til ansvar for den innverkna- den ein slik nedsett vasskvalitet skal kunne ha for settefiskanlegget.

Eg vil difor på det sterkaste rå frå at det vert disponert slik i høve saka at settefiskanlegget må ta vatn or Dalselva. Det synest i tilfelle å vere lite distriktsvenleg politikk å leggje opp til at den eine arbeidsplassen slår beina under den andre.»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, uttalelse i brev av 28.10.1994.

«Viser til brev av 26. juli d.å. frå NVE i høve Tussa Kraft sin søknad av 14. juni om å få redusert den konsesjonspålagte minstevassføringa ved vassinntaket til settefiskanlegget frå 280 l/sek til 150 l/sek.

Uttale frå Volda kommune er førebels ikkje kjent, men søknaden no ligg nær opp til vedtaket i kommunestyresak nr. 126/93, då det vart tilrådd justering til 130 l/sek.

Etter det vi forstår er minstevassføringspålet i manøvreringsreglementet gitt for å sikre vatn til settefiskanlegget, og ikkje som eit tradisjonelt minstevassføringspålegg for sjølve Litlebøvassdraget. Pålegget har iallefall vore fulgt opp ved å legge tilhøva til rette slik at turbinvatn kan gå til settefiskanlegget sin samleikum i pålagt mengde, og ikkje ved å slippe vatn frå magasinet, jf. skisse frå Volda kommune.

Etter det vi kan forstå er vassforsyninga for settefiskanlegget sikra både ved tidlegare og omsøkte minstevassføringspålegg, like eins ved den avtale som er oppsett mellom selgar og kjøpar av settefiskanlegget. Denne avtalen inneber mellom anna at settefiskanlegget skal ha rett til uttak av vatn frå trykkdrepren i kraftstasjonen når turbinvatn ikkje er tilgjengeleg.

Om ovannemnde tolkning er rett, er det berre restfeltet på ca. 2 kvkm. nedanfor reguleringsdammen og i eventuelt overlaupsvatn frå magasinet som bidrar til vassføring i Litlebøelva. Vi er ikkje kjent med at dette har skapt problem i høve til forureining o.l.

Den strid som har oppstått lokalt har etter det vi forstår først og fremst samanheng med settefiskanlegget sitt reserveinntak i Dalselva. Den privatrettslege sida ved dette inntaket er avgjort ved Sunnmøre herredsrett sin domsslutning av 20. oktober 1993. Reserveinntaket i Dalselva reiser likevel spørsmålet om tilhøvet til allmenne interesser (dvs. fisk) og spørsmålet om smittehygiene for settefiskanlegget, etter som inntaket truleg ligg på lakseførande strekning jf. førnemnde skisse. Det siste spørsmålet er i så fall ei sak for fylkesveterinæren, medan det første gjeld vurdering i høve til §§ 104-106 i vassdragslova.

Oppsummering

Vi finn å kunne tilrå at pkt. 2 i manøvreringsreglementet blir endra frå 280 l/sek til 150 l/sek etter som settefiskanlegget uansett vil vere sikra tilstrekkeleg vatn. Føresetnaden for denne tilråding vil likevel vere at reserveinntaket i Dalselva blir fjerna frå same tidspunkt som konsesjonspålet blir justert. Dette vil ivareta dei allmenne interesser i Dalselva, ta bort ein mogleg kjelde til smitterisiko og fjerne eit lokalt irritasjonsmoment».

Statens forurensningstilsyn, SFT, uttalelse i brev av 23.03.93:

«Et bortfall av den konsesjonspålagte minstevannføringen i Litlebøelva vil føre til at resipientkapasiteten vil bli sterkt nedsatt. Like opp-

strøms samløpet med Dalselva er det tre gårdsbruk som kan påvirke vannkvaliteten i elva. For å unngå vesentlige forurensningsmessige ulemper i Litlebøelva foreslår SFT at det slippes vann slik at vannføringen forbi gårdsbrukene ikkje er mindre enn 100 l/sek i perioden 1. mai til 30. september.

Vi viser til brev av 8/2-93 vedlagt søknad fra Tussa Kraft om endring av konsesjonspålagt minstevannføring i Litlebøelva.

I konsesjon av 4. mars 1988 pålegges Tussa Kraft å sørge for at uregulert vannføring i Litlebøelva sammen med avløpet fra kraftverket ikkje er mindre enn 280 l/sek. året rundt ved settefiskanleggets inntak.

Utbyggingen omfatter fallet mellom Litlebøvatnet og Litlebøelva like oppstrøms samløpet med Dalselva. I forkant av konsesjonsbehandlingen gjennomførte Norsk institutt for vannforskning en undersøkelse av vannkvaliteten i vassdraget. Litlebøelva hadde god vannkvalitet med lave verdier for bl.a. næringssalter. De nedre delene av Dalselva har høyere nærings-saltkonsentrasjoner og er påvirket av termostabile koliforme bakterier fra bebyggelsen i området.

Under konsesjonsbehandlingen ble det opplyst at Litlebøelva var kilde for et vannverk som forsynte ca. 30 pe. på Dale. Et settefiskanlegg hentet også vannet sitt fra elva. Utbygger foreslo i forbindelse med konsesjonsbehandlingen å ta vann fra tilløpsvannet til kraftverket som erstatning for vannverket. For å sikre settefiskanlegget tilstrekkelig vann av god kvalitet ble det i konsesjonen forutsatt en minstevannføring på 280 l/sek.

I følge Tussa Kraft er det ikke lenger behov for pålegg om minstevannføring, da sikring av vann til settefiskanlegget i kritiske situasjoner er ordnet ved avtale mellom Tussa Kraft og den eventuelle nye eier av settefiskanlegget.

Et bortfall av den konsesjonspålagte minstevannføringen vil føre til at resipientkapasiteten i Litlebøelva vil bli sterkt nedsatt. Restfeltet på ca. 2 km² gir en gjennomsnittlig vannføring i den nederste regulerte delen av elva på ca. 140 l/sek. Like oppstrøms samløpet med Dalselva er det tre gårdsbruk som kan påvirke vannkvaliteten i elva. For å unngå vesentlige forurensningsmessige ulemper i Litlebøelva foreslår SFT at vannføringen forbi gårdsbrukene ikkje er mindre enn 100 l/sek i perioden 1. mai til 30. september.

Ved den foreslåtte minstevannføringen vil det fortsatt vere en svært begrenset resipientkapasitet, slik at nye forurensende aktiviteter ikkje bør legges med utslipp til Litlebøelva.

Under henvisning til det ovennevnte og søknaden fra Tussa Kraft vil vi foreslå:

– Det skal slippes vann slik at vannføringen forbi gårdsbrukene ikke er mindre enn 100 l/sek i perioden 1. mai til 30. september.

Det forutsettes forøvrig at våre forslag til vilkår i brev til Miljøverndepartementet av 3/4-87 fortsatt gjøres gjeldende».

Statens forurensningstilsyn, uttalelse i brev av 05.08.1994:

«SFT vil som tidligere foreslå at det slippes vann til Litlebøelva slik at vannføringen forbi gårdsbrukene oppstrøms kraftstasjonen ikke er mindre enn 100 l/sek i tidsperioden 1. mai til 30. september, dog ikke mer enn naturlig avløp.

Det vises til Deres brev av 26. juli 1994 bilagt søknad fra Tussa kraft av 14. juni 1994 om endring i pålagt vannslipping til settefiskanlegget.

SFT har under konsesjonsbehandlingen av denne saken lagt til grunn at det ville bli sikret en viss minstevassføring i Litlebøelva, ved at avløpet fra kraftverket og uregulert vannføring ikke på noe tidspunkt skulle underskride 280 l/sek målt ved settefiskanleggets vanninntak. 1 manøvreringsreglementets punkt 2 er brukt uttrykket

«ved vannføring mindre enn 280 l/sek. ved settefiskanleggets vanninntak i Litlebøelva skal...» Det er derfor etter vår oppfatning stilt krav om slipp av vann til Litlebøelva, og ikke krav om vannslipp til settefiskanlegget. Vi er likevel enig om at den vesentligste grunn til at dette kravet ble stilt har sammenheng med settefiskanleggets behov for driftsvann. Dog vil også andre ha glede og nytte av denne vannføringen, bl a. for forurensningsforholdene. SFT foreslo derfor ikke noe eget krav om slipp av vann til Litlebøelva, men vi har i vårt brev til Miljøverndepartementet datert 3. april 1987, og som er referert i Deres innstilling i saken uttalt at: «SFT forutsetter at disse tiltakene blir gjennomført.»

Da Tussa kraft ved brev av 18. januar 1993 søkte om endring av konsesjonspålagt minstevannføring i Litlebøelva ut fra endrede forhold ved settefiskanlegget, vurderte SFT saken dit at det var nødvendig å foreslå et eget vilkår om minstevannføring i elva, Vi foreslo krav om slipp av vann slik at vannføringen i Litlebøelva forbi gårdsbrukene oppstrøms kraftstasjonen, ikke skal være mindre enn 100 l/sek. i tidsperioden 1. mai til 30. september. Målepunktet i denne forbindelse kan hensiktsmessig ligge ved vanninntaket til settefiskanlegget, så fremt dette legges til Litlebøelva som anført i manøvreringsreglementet. Normalt vil vi i forbindelse med slipp av minstevannføring ikke kreve at det skal

oppmagasineres vann for å oppfylle påbud om slipp av vann. Vi foreslår derfor at vårt forslag til vilkår etter forurensningslovens §§ 11 og 16 i nærværende sak skal ha følgende ordlyd.

Det skal slippes vann til Litlebøelva slik at vannføringen forbi gårdsbrukene oppstrøms kraftstasjonen, ikke er mindre enn 100 l/sek i tidsperioden 1. mai til 30. september, dog ikke mer enn naturlig vannføring.»

Grunneigarar i Dalsbygd, uttalelse av 26.10.94:

«Grunneigarar i Dalsbygd vil uttale fylgjande etter sammøte den 26.10.94 om saka:

Me viser til kommunestyremøte i Volda kommune om saka, der kommunestyret avviste søknaden fra Tussa Kraft med 19 mot 14 stemmer. Me støtter dette vedtaket. Me viser og til tidlegare skriv (vedlegg 1) av: 21.04.94 frå grunneigarar i Dalsbygd, samt brev (vedlegg 2) til Volda kommune frå Elias Nilsen dagsett 03.10.94, der han m.a. peikar på at konsesjonsvilkåra ikkje kan endrast før etter 50 år. Ved eit eventuelt skifte av eigarar ved smoltanlegget, kan 150 l/s verte for lite ved utviding av smoltanlegget. Så 280 l/s må ikkje endrast».

Elias Nilsen, uttalelse av 03.10.94:

«Ved den kommunale handsaminga av søknaden om endring av konsesjonsvilkåra for Dale kraftverk, bed vi om at også våre opplysningar vert vedlagd sakspapira.

Vi som er grunneigarar til Litlebøelva, var også med under planlegginga av Dale kraftverk. For å då kunne dekke fleire interesser her, greidde ein tilsist å oppnå dei noverande konsesjonsvilkåra for vassdraget. Her kan det visast til omfattande møter og skriv, mellom Tussa Kraft A/S, oppdrettsanlegget og grunneigarane.

Når så Tussa Kraft A/S alt no søker om endring av desse vilkåra, så kan vi ikkje sjå at det er noko rom i lovverket for dette. Det heiter såleis i dei vedtekne konsesjonsvilkåra, at desse kan kun søkast endra etter 50 år, eller i tilfeller der reguleringa er til vesentleg skade for almenta.

Eg synest det også er svert underleg at ein slik søknad blir lagd fram i komuna no, utan at den først er sendt til høyring ogso hjå grunneigarane, noko som tydeleg Forvaltningslova føreset.

Skulle likevel konsesjonsvilkåra no bli endra til ein periodevis mindre vassføring, slik at oppdrettsanlegget må finne anna vasskjelde, kan det lett bli tredjemann som blir den skadelidande. Då blir det så verkeleg klar grunn, for enno ein ny søknad om endra vilkår».

Dalsbygd Grendalag, uttalelse av 13.04.94:

«Vi viser til søknad frå Tussa Kraft A/S, der dei ber om fritak av konsesjonspålagt minstevassføring, samt tidlegare brev frå oss, datert 03.09.93.

Vi vil fyrst gje Tussa Kraft A/S honnør for at vasskrafta i bygda vert utnytta. Vi vil også hevde at bygdafolket har vore samarbeidsvillig, då spesielt dei berørte grunneigarane, som gav Tussa Kraft A/S moglegheit til denne kraftutbygginga. Skulle det vere tillatt å kome med eit hjartesukk - synest vi det er for bygda uforståeleg, visst Tussa Kraft A/S får fritak av konsesjonspålagt minstevassføring. Dei faktiske forhold er: Bygda har to vassdrag, ovannemnde Litlebøelva og Dalselva. Det var ein heilt klar forutsetning ved Tussa Kraft A/S sitt utbyggingssløyve, at dei skulle skaffe vatn til det eksisterande settefiskanlegget i bygda. Settefiskanlegget som forøvrig Tussa Kraft A/S kjøpte tidlegare og som dei no prøver å selje til andre interessantar. Visst minstevassføringa fell vekk, vil dette måtte medføre at Dalselva vert nytta i lengre periodar året rundt, dette er noko bygdafolket ikkje kan akseptere, spesielt med dei store vassmengdene som skal til ved settefiskanlegget. Sjølv med ein reduksjon på 50% av vassbehovet til settefiskanlegget, vil ikkje elva klare å levere tilstrekkeleg mengde vatn. Dette vil i verste fall kunne føre til at elva vert heilt tørrlagd, som vi også har opplevd i seinare tid.

På bakgrunn av ovannemnde meinar eit samla bygdafolk, at de ikkje må gi Tussa Kraft A/S fritak på konsesjonspålagt minstevassføring. I motsett fall er det betre at settefiskanlegget vert sanert. Utifrå opplysningar vi har fått er den aktuelle salgssummen veldig lav, og det er heilt klart at Tussa Kraft A/S vil kunne oppnå minst like mykje økonomisk sett, ved å demontere anlegget og selge det i delar. Vi i Dalsbygda ser på denne saka som svært viktig for heile bygda, då vi ser verdien av, å kunne fortsatt ha ei uberørt elv med dei moglegheitene dette gir. Me voner at de forstår bygdafolket sitt syn i denne saka og håpar for heile bygda, at dette vert tatt med i dykkar behandling av Tussa Kraft A/S sin søknad, og at det vil gi eit velvillig og positivt resultat for oss som bur i bygda, både no og i framtida.»

Dalsbygd Grendalag, uttalelse av 21.04.94:

«Vi viser til brev av 18. 1.93, frå Tussa Kraft L/L. Her søker Tussa Kraft om endring av konsesjonspålagt minstevassføring i Vassdrag nr. 094,2z-Litlebøelva.

I konsesjonssøknad av 10.3.86 om bygging av Dale Kraftverk, forplikta Tussa Kraft seg til at uregulert vassføring i Litlebøelva saman med avløpet frå Kraftverket ikkje skulle være mindre

enn 280 l/sek. året rundt ved settefiskanleggets vassinntak.

Med ein leidemur av betong i Dalselva har Settefiskanleggets vassinntak delvis vorte flytta over til Dalselva. Dette er eit anna vassdrag, og inngrepet i elva vil få konsekvensar for 16 gardsbruk i Dalsdalen. Dette ser vi grunneigarar på som eit forsøk på og frita seg sjølve for eit ansvarsproblem og i neste omgang legge det over på ein 3 de person, som etter vår meining er heilt uskuldig.

Dalselva (Storeelva) er ca. 5 km. lang og renn i dalbotnen gjennom Dalsdalen. Dette er ein typisk V-dal med 6 mindre sidedalar som er vassførande. Elva er ei flaumelv som kan verte veldig stor, og føre med seg mykje jord og stein. Dalselva vert til tider mørkt brun, og Dalsfjorden vert då brunfarga frå elveosen og langt utover fjorden. Vi ser det slik at vatnet fra Dalselva er lite brukande til fiskeanlegg.

Vassdraget er eit felleseige av grunneigarane som grensar til elva. Vi viser elles til vassdraglovas paragraf 8. Vi ser det og slik at naturen i seg sjølv tilseier at ei viss avrenning vil verte mest heile året.

Vi viser til skriv frå Norges Vassdrags og Energiverk til Tussa Kraft L/L, datert 29.10.92, og er underskrive av Vassdragsteknisk seksjon v/Tore Hovland. Vi vil presisere, sitat: «Grunneier eller andre som kan tenkes berørt av tiltaket må varsles og enighet oppnås. Likeledes må Volda kommune underrettes. Eventuelle uheldige følger av tiltaket blir uansett byggherrens ansvar», -sitat slutt. Slik vi grunneigarar ser det, er det her snakk om informasjonsforsømmelse, både frå Tussa Kraft og frå Volda kommune. Grunneigarane har ikkje på noko tidspunkt vore tilspurd om vassuttak i Dalselva. (Storeelva).

Vi grunneigarar vil stille spørsmål om kva konsekvensar eit slikt inngrep vil få for gardsbruka i bygda. Vi vil her vise til brev frå fagsjefen/jordbrukssjefen i Volda kommune, datert 1. 6.93.

Denne saka har medvirka til at mange gardbrukarar i Dalsbygd ser med uro på det framtidige jordbruket. På litt lenger sikt ser vi for oss problem med rekruttering på gardsbruka, då ein heile tida må ha hangande eit «Damokels-sverd» over hovudet. Det er heller ikkje vanskeleg og tenkje seg kven som vil få rekninga, dersom noko skulle hende med ei uheldig avrenning eller forureinsing av vassdraget. Vi vil presisere at det pr idag er ca. 14 - 15 årsverk på gardsbruka som grensar til Dalselva ovanfor vassinntaket. Vi ser og for oss ei viss verdiforringelse av gardsbruka, noko som kan få uheldige konsekvensar i framtida, slik som event. opplåning.

Grunneigarane som grensar til vassdraget i

Dalsdalen meiner at Tussa Kraft L/L ikkje må få fritak for den konsesjonspålagte minstevassføringa på 280 l/sek».

Dalsbygd Grendalag, uttalelse i brev av 29.06.94:

«Vi viser til søknad frå Tussa Kraft A/S, datert 14.06.94, der Tussa Kraft A/S søker om å få redusert vassføringa ved inntaket til settefiskanlegget fra 280 l/s. til 150 l/s.

Vi i Dalsbygda står fast på vårt syn i denne saka, og viser til tidlegare brev datert 03.09.93 og 13.04.94.

Vi viser til at Tussa Kraft A/S, hevdar at dei har fått, tilkjent vassrettar i Dalselva etter dom i heradsretten, dette er ikkje rett, dei har fått medhald i dei tidlegare erklæringer om uttak av vatn i Dalselva, men forholdet er at vassrettane er svært begrensa og langt frå nok til å være reserveinntak til settefiskanlegget. Vidare ser vi at noverande leigetakar og framtidig kjøpar av settefiskanlegget er kjend med saka, og at han har vore med å fastsette vassføringa til 150 l/s. som passande vassmengde, for vidare drift av anlegget.

Dette synest vi er svært uheldig fordi: Settefiskanlegget har opphaveleg konsesjon på 1 mill. sjøklar smolt/settefisk og vidare avtale med Tussa Kraft A/S om levering av vatn - 280 l/s. Dette er ein god avtale for settefiskanlegget, og på bakgrunn av dette, er anlegget svært attraktivt for seriøse oppdrettarar. Dette ser vi i bygda på som svært positivt, då att oppretning av dagens vassforsyning på inntil 280 l/s. kan skape fleire arbeidsplassar samt trygge desse.

Vår bygd, likeleis som mange andre små bygdesamfunn i utkantstrøk, er avhengig av arbeidsplassar ikkje minst i framtida med den utvikling vi har i samfunnet. Det er derfor klart, at med ein reduksjon av minstevassføringa frå 280 l/s. til 150 l/s. er grunnlaget for framtida svekka.

Vi vil også få trekke fram at kjøpar av anlegget ikkje er avklara, men vi veit at fleire er interessert. Vi håpar opplysningane våre no og tidlegare kan vere til hjelp for dykk, når de skal handsame saka, og vi håper det vil gi bygda vår eit positivt resultat».

Dalsbygd Grendalag, uttalelse i brev av 24.10.94:

«Vi viser til søknad frå Tussa Kraft AS, der dei ber om reduksjon av konsesjonspålagt minstevassføring.

Vi i Dalsbygda står fast på vårt syn i denne saka, og vi viser til tidlegare brev i nevnte sak.

Det var ei klar forutsetning at Tussa Kraft AS, skulle få konsesjon for bygging av Dale Kraftverk, at avtalefesta minstevassføring til settefiskanlegget, skulle vere 280 l/s.

Bygdafolket er glade for vedtaket som er fatta i formannskapet og i kommunestyret i Volda om ovennevnte sak. Vi i bygda meiner at settefiskanlegget burde drivast som tidlegare vart gjort, der dette gav 4 til 5 arbeidsplassar til bygda samt verdiskapning dette utgjorde.

Dette er ei viktig sak for oss i bygda og vi er samla om det, med ei reduksjon vil dette medføre uro i bygda, dette er ingen tente med.

Tussa Kraft AS må ta konsekvensen av konsesjonspålagt minstevassføring og følge dette opp.

Vi meiner det er svært uheldig, vist Tussa Kraft AS får redusert vassføringa ved settefiskanlegget frå 280 l/s til 150 l/s. Dette fordi det ikkje er alternative vasskilder som kan erstatte denne vassmengda i bygda. Dette vil heilt klart gå utover drifta ved settefiskanlegget, noko vi meiner er svært uheldig.

Vi har imidlertid registrert at noverande leigetakar og ein av dei interesserte kjøparane av settefiskanlegget, har vore med å fastsette 150 l/s, som ei passande vassmengde for vidare drift av anlegget. Dette meiner vi er svært lite gjennomtenkt, kva med framtida?.

Som vi veit er fiskeoppdrett ei risikonæring med store kapitalkostnader, dette har gitt seg utslag i eigarstrukturen i anlegga. Ingen av anlegga i Dalsfjorden (5 stk.) har same eigarstruktur idag som ved oppstart. Dette er noko som også kan skje ved settefiskanlegget her, utifrå dette meiner vi det er uheldig, vist ein skal ha eit produksjonstak liggande over seg i framtida, med dei konsekvensane dette kan medføre, f.eks. mindre attraktivt for større oppdrettarar som kan vere med å sikre arbeidsplassane i større grad enn no. Dette vil både bygda og kommunane tene på.

Vi håpar de ser med velvilje på våre skriv vedr. saka og håpar på eit positivt resultat for oss i bygda».

Dalsbygd Grendalag har ellers uttalt seg i brev av 03.09.93, 16.08.93, 24.06.93, 07.06.93 og 19.05.93. De ovenfor siterte uttalelsene ansees dekkende også for disse uttalelser.

Tussa Kraft AS, kommentarer til de innkomne uttalelser, datert 29.11.94:

«Kva saka gjeld:

Tussa Kraft AS har søkt om å få endra punkt 2 i manøvreringsreglementet. Punkt 2 lyder slik: «Ved vannføringer mindre enn 280 l/sek. ved settefiskanleggets vanninntak i Litlebøelva skal det tappes fra magasinet for å oppfylle dette kravet. For øvrig kan manøvreringen foregå etter kraftverkets behov.»

Her ønsker Tussa Kraft å bytte ut 280 l/sek.

med 150 l/sek slik at punkt 2 i manøvreringsreglementet blir lydande slik: «Konsesjonæren pliktar å halde ei vassføring som dekkjer krava til settefiskanlegget ved utløpet frå kraftverket på inntil 150 l/sek. Konsesjonæren er ikkje pliktig å magasinere for å oppfylle vassleppingskravet. Elles kan manøvreringa føregå etter kraftverket sitt behov.»

Både Tussa Kraft AS og Dale Fiskeoppdrett AS er samde i ei slik formulering. Dette vil gje Tussa Kraft meir handlefridom i drifta av kraftverket, og mindre vatn vil gå tapt når det gjeld kraftproduksjon. Slik situasjonen er no renn mykje vatn på sjøen utan at Tussa Kraft eller Dale Fiskeoppdrett gjer seg nytte av det. Produksjonstapet er vanskeleg å berekne eksakt, men nedanfor har vi gjort eit overslag som syner storleiken i kr. av tapt kraftproduksjon. Ved å redusere vassleppinga frå 280 l/s til 150 l/s vil ein i sommarhalvåret frå 01.07. til 01.10, kunne lagre den overskytande vassmengda i magasinet og nytte denne som vinterkraft. I eit normalår vil det vere plass i magasinet til dette vatnet som utgjer ca. 1 mill.m³. tilsvarande 1,45 GWh vinterkraft. Med ein realistisk prisskilnad mellom sommar- og vinterkraft utgjer det økonomiske tapet 80 - 200.000 kr./år.

Kommentar til innkomne høyringsfråsegner

Statens forurensingstilsyn.

Det verkar som SFT har mistolka kva saka gjeld. Tussa Kraft AS har søkt om å få redusert den konsesjonspålagde vassleppinga ved settefiskanlegget sitt inntak frå 280 l/s til 150 l/s. Konsesjonen for Dale Kraftverk vart gitt under føresetnad av at fiskeanlegget vart sikra 280 l/s. Denne vassmengda var utelukkande tiltenkt settefiskanlegget og var ikkje på noko tidspunkt meint å skulle vere ei generell minstevassføring i elva.

Dalsbygd Grendalag.

Dalsbygd Grendalag er opptekne av arbeidsplassane ved settefiskanlegget. Dei meiner anlegget bør drivast med 4-5 arbeidsplassar slik som tidlegare. Det var ikkje meir fisk i anlegget den gongen enn det er i dag. Anlegget gjekk konkurs. Drifta i dag er meir automatisert og effektivisert slik at 1-2 mann er nok til å oppretthalde ei forsvarleg drift av settefiskanlegget.

Volda Kommune.

Volda Kommune støttar opp om Dalsbygd Grendalag sitt syn på arbeidsplassar i bygda. Vår kommentar er den same som til Grendala-

get sin fråsegn. I tillegg har kommunen trekt inn minstevassføring til laksestamma i nedre del av vassdraget. Vi må her vise til vår kommentar til SFT si fråsegn: Det er ikkje dette saka gjeld. Ved avstemming i kommunestyret og formannskap var stemmetala delte med ei lita overvekt i mot endring av vassleppinga frå 280 l/s til 150 l/s.

Grunneigarar i Dalsbygd.

Settefiskanlegget sitt vassinntak i Dalselva er ei anna sak og har ingen ting med vassleppinga til settefiskanlegget sitt inntak i Litlebøelva å gjere. Striden om inntaket i Dalselva har vore handsama i retten der det vart fastsett at fiskeanlegget har rett til vatn frå Dalselva.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Det verkar som miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen har forstått den praktiske sida av saka, og kan tilrå redusert vasslepping på 150 l/s under føresetnad av at reserveinntaket i Dalselva vert fjerna. Vi meiner det er feil av fylkesmannen å trekke inn inntaket i Dalselva i samband med vassleppinga til inntaket til settefiskanlegget. Meininga med reserveinntaket i Dalselva er at dersom alt anna går gale, så fins der ei anna kjelde å ta vatn frå, nemleg Dalselva. Grunnlaget for rettssaka vedkomande inntak i Dalselva var nettopp at settefiskanlegget skulle ha eit sikkert reserveinntak. Smittefaren frå fisk i sjøen som kan gå opp i elva er ein ting vi er merksam på, og inntaket vert sjeldan nytta av den grunn.

Konklusjon.

Dersom ein ser nøkternt på Tussa Kraft sin søknad og held seg til saka, skulle det ikkje vere vanskeleg å tilrå ein reduksjon i vassleppinga til settefiskanlegget sitt inntak frå 280 l/s til 150 l/s. Det har etter vår meining ikkje kome fram moment i høyringa som tilseier at ein ikkje skal gi løyve til ein slik reduksjon. Vi vonar på ei positiv handsaming av søknaden vår».

Norges vassdrags- og energiverk (NVE) bemerker:

Ved kgl. res. av 4. mars 1988 fikk L/L Tussa Kraft tillatelse til erverv av fallrettigheter og regulering av Litlebøelva.

I manøvreringsreglementets punkt 2 står:

«Ved vannføringer mindre enn 280 l/sek. ved settefiskanleggets vanninntak i Litlebøelva skal det tappes fra magasinet for å oppfylle dette kravet. For øvrig kan manøvreringen foregå etter kraftverkets behov.»

Den foreliggende søknaden gjelder endring av den konsesjonspålagte vannslippingen til settefiskanlegget.

Årsaken til søknaden er at det opprinnelige settefiskanlegget som var tiltenkt vatn er gått konkurs, og settefiskanlegget ble overtatt av Tussa Kraft den 1. februar 1989. Anlegget er nå leiet ut, og det er mulighet for salg av anlegget. Både nåværende leietaker og den framtidige kjøper har vurdert vannbehovet slik at 150 l/sek. er tilstrekkelig for driften av anlegget. Det er derfor søkt om å endre det eksisterende manøvreringsreglement, slik at vannslippingen til settefiskanlegget begrenses til 150 l/sek. Søker forutsetter at det ikke skal magasineres vatn for å oppfylle vannslippingskravet.

Settefiskanlegget har reserveinntak i Daleelva, men fordi Daleelva har naturlig oppgang av laks, er det lite ønskelig å benytte dette inntaket, da vatnet kan ha smittestoff i seg. Periodevis er også Daleelva forurenset, grunnet aktiviteter i nedslagsfeltet, som opprensning av grøfter, gjødsling m.v.

I den gjeldende tillatelse er det ikke pålagt minstevassføringsslipp til vassdraget av hensyn til allmenne interesser, idet det vatnet som nå slippes bare er beregnet til forbruk for settefiskanlegget.

Suppleringsvatnet for å opprettholde de pålagte 280 l/sek. er blitt avgitt fra undervatnet til kraftverket. Dersom kraftverket står, og det ikke er nok naturlig vassføring i elva til å opprettholde minimumskravet, har vatnet blitt levert fra kraftverkets rørgate, via en reduksjonsventil, direkte til settefiskanlegget.

Den naturlige restvannføringen i vassdraget ovenfor settefiskanlegget blir derfor ikke endret i forhold til tidligere tilstand dersom pålagt vassslipping reduseres som omsøkt.

Som nevnt ovenfor knytter det seg visse betenkeligheter med å benytte reserveinntaket i Daleelva, da vatnet kan inneholde smittestoffer fra den naturlige fiskestamme, og være forurenset grunnet menneskelig aktivitet langs vassdraget. Anlegget har i følge opplysninger i saken rett til å benytte vatn fra Daleelven, men ser på dette som kun en nødløsning dersom all annen vassforsyning slår feil.

SFT har anbefalt at det i perioden 1. mai - 30. september skal slippes 100 l/sek forbi de 3 gårdsbrukene som ligger ved Litlebølva. Disse brukene ligger ovenfor utløpet fra kraftverket, og ovenfor vassinntaket til settefiskanlegget. Forholdene for

disse brukene blir derfor ikke endret i forhold til dagens situasjon, dersom omsøkte endring blir gjennomført. Det anbefales derfor ikke noen slik vass-slipping av hensyn til de nevnte gårdsbruk.

Ut fra det ovenstående vil NVE anbefale at Tussa Kraft AS får tillatelse til å redusere det pålagte krav til slipp av minstevassføring til 150 l/sek. Ut fra det forhold at det er lite ønskelig å benytte vatn fra Daleelva, anbefaler NVE at Tussa Kraft AS skal garantere suppleringsvatnet opp til 150 l/sek til settefiskanlegget. Dette medfører at kraftverket i enkelte perioder må slippe magasinvatn for å oppfylle kravet til vassmengde.

I de tilfeller der kraftverket er i drift, vil restvassføringen bli supplert med vatn fra undervatnet til kraftverket. Det vil da ikke være behov for slipping av vatn til settefiskanlegget utover det driftsvatnet som benyttes for kraftverket. I de perioder der kraftverket står, og den naturlige restvassføringen i Litlebølva er mindre enn 150 l/sek ved inntaket til settefiskanlegget, må vatn slippes fra magasinet, enten direkte til vassdraget ved dammen, eller fra reduksjonsventilen på rørgaten.

Dersom nødvendig vedlikehold med stopp av kraftverket utføres i vassrike perioder, vil en endring av manøvreringsreglementet som foreslått ha små virkninger på vassdraget sett i forhold til dagens tilstand.

Det forutsettes at reserveinntaket i Daleelva opprettholdes, men at en bruk av dette bare skjer som en absolutt nødløsning.

Fra lokalt hold er det pekt på at en reduksjon i pålagt vassslipping fra kraftverket for fremtiden vil legge begrensninger på utviklingen av settefiskanleggets produksjon.

NVE viser til at dersom det senere skulle vise seg at det blir behov for ytterligere vatn til settefiskanlegget, vil dette være et forhold som må løses mellom Tussa Kraft AS og settefiskanlegget.

NVE tilrår etter dette at Tussa Kraft AS får tillatelse til å endre manøvreringsreglementet for regulering av Litlebølva i Volda, slik at nytt pkt. 2 vil lyde:

«Konsesjonæren plikter å avgi nødvendig vann til settefiskanleggets vanninntak i Litlebølva, slik at settefiskanlegget alltid er sikret en vannmengde på inntil 150 l/sek til sin drift. For øvrig kan manøvreringen foregå etter kraftverkets behov».

NVEs forslag til manøvreringsreglement for regulering av Litlebøvatnet i Volda kommune, Møre og Romsdal fylke

(erstatte reglement gitt ved kgl.res. 04.03.1998.)

«1. Reguleringer

Magasin	Naturlig vannst. kote	Reg.grenser		Oppd. m	Senkn. m	Reg. høyde m
		Øvre kote	Nedre kote			
Litlebøvatn	645,0	649,0	642,0	4	3	7

Reguleringsgrensene skal markeres med faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Høydene refererer seg til økonomisk kartverk, M 1:5000.

Overføringer

- a. Avløpet fra Bakkheia/Tverrelva, 0,7 km², overføres til Litlebøvatnet.
- b. Avløpet fra Øvstegardgrova, 0,3 km², overføres til Litlebøvatnet.

2.

Ved manøvreringen skal det tas for øyet at vassdragets naturlige flomvassføring nedenfor magasinene såvidt mulig ikke økes.

Konsesjonæren plikter å avgi nødvendig vann til settefiskanleggets vanninntak i Litlebøelva, slik at settefiskanlegget alltid er sikret en vannmengde på inntil 150 l/sek. til sin drift.

For øvrig kan manøvreringen foregå etter kraftverkets behov.

3.

Det skal påses at flomløp og tappeløp ikke hindres av is eller lignende og at reguleringsanleggene til enhver tid er i god stand. Det føres protokoll over manøvreringen og avleste vannstander. Dersom det forlanges, skal også nedbørmengder, temperaturer, snødybde mv. observeres og noteres. NVE kan forlange å få tilsendt utskrift av protokollen som regulanten plikter å oppbevare for hele reguleringsperioden.

4.

Viser det seg at slippingen etter dette reglementet medfører skadelige virkninger av omfang for allmenne interesser, kan Kongen uten erstatning til konsesjonæren, men med plikt for denne til å erstatte mulige skadevirkninger for tredjemann, fast-

sette de endringer i reglementet som finnes nødvendige.

Forandringer i reglementet kan bare foretas av Kongen etter at de interesserte har hatt anledning til å uttale seg.

Mulig tvist om forståelsen av dette reglementet avgjøres av Olje- og energidepartementet.»

III. Høringsinstansenes uttalelser

Landbruksdepartementet har i brev av 28. januar 1997 uttalt at de ikke har noen merknader til at manøvreringsreglementet endres slik Tussa Kraft AS har søkt om.

Dalsbygd grendalag sier i sin uttalelse av 4. februar 1997:

«Kva garanti har vi for at reserveinntaket i Dalselva vert oppretthalde, men at ein bruk av dette berre skjer som ein absolutt nødløysning?

Det har vore hevda frå Tussa Kraft A/S og settefiskanlegget si side, at inntaket i Dalselva kun har vore nytta til krisesituasjonar tidlegare. I 1996 vart det registrert at Dalselva vart nytta fleire gangar. Det vart også registrert at Dalselva vart nytta ved lita vassføring, samt vassføringa i elva vart ført til settefiskanlegget i si heilheit, dette skjedde med sperring i elva, i form av sandsekkar ilag med ledemuren.

Sjølv om smoltanlegget reduserer sin konsesjon med 50 % dvs. 500 000 stk. smolt, er der tvil om 150 sL er tilstrekkeleg vassmengd, for å produsere 50 % av konsesjonsvolumet.

NVE viser til at dersom det seinare skulle vise seg at det vert behov for ytterlegare vatn til settefiskanlegget, vil dette vere eit forhold som må løysast mellom Tussa Kraft a/s og settefiskanlegget.

Utifrå ovannemnde er det nærliggande å tenkje for oss att:

- Det er etablert vannuttak frå Dalselva
- Rett til delvis vassuttak.

Dermed er veien lett til å auke vassuttaket ytterlegare frå Dalselva, dette vil medføre som vi har

sett tidlegare år, ei heilt eller delvis tørrlagd Dalselv.

Etter vår meining har bygda ingen garanti, frå nokon part, på at Dalselva heilt eller delvis ikkje vert nytta til drift utanom event. krisesituasjonar.

Den privatrettslege sida ved dette inntaket er avgjort ved Sunnmøre herradsrett som gav rett til delvis vassuttak, men ledemuren skal fjernast. Ledemuren står fortsatt, dette utan det foreligger noko anna avtale på området. Dette er også eit moment som står sterkt i minne til dei fleste, når det seiest at Dalselva skal kun nyttast i krisesituasjonar.

Vi meiner det er rett å trekke inn inntaket i Dalselva i samband med vassleppinga til inntaket til settefiskanlegget, fordi vi meiner dette vil føre til auka bruk av elva. Det er for mange faktorar utan garantiar, for oss som bur i bygda no og i framtida.

Grunnlaget for rettsaka vedkomande Dalselva gjekk ut på om Tussa Kraft a/s, hadde rett til å ha ledemur i elva eller ikkje, samt rett til vassuttak. Ledemuren skal fjernast, men dei fikk medhold i delvis vassuttak, men langt i frå tørrlegging av elva.

Vårt syn i denne saka er som tidlegare, og forøvrig samstemt med fylkesmannen i Møre og Romsdal at reserveinntaket i Dalselva må fjernast, dette vil ivareta dei allmenne interesser i Dalselva og fjerne eit lokalt veldig sterkt irritasjonsmoment».

Grunneigerne Elias Nilsen og Jørn Olav Løset har kommet med følgende uttalelse i brev av 20. februar 1997:

«Vi viser til tidlegare klage av den 03.10.94, der vi som grunneigarar går imot endring av konsesjonspålagd minstevassføring i Lillebøvassdraget frå Dale kraftverk. Når NVE likevel no vil gi høve til endring av konsesjonsvilkåra, då vil vi på det sterkaste protestere mot denne endringa.

Dei noverande konsesjonsvilkåra vart tilkjempa i 1984-85 etter forhandlingar mellom oppdrettsanlegget, grunneigarane og Tussa Kraft AS. Intensjonen med dette forliket var mellom anna å sikre framtidige arbeidsplassar ved oppdrettsanlegget, samtidig som utbygginga av Lillebøvassdraget kunne gjennomførast utan for store ulemper for partane.

Med ei vassføring på 280 l/s. kunne kapasiteten på oppdrettsanlegget utnyttast fullt ut. Men med ein reduksjon ned til 150 l/s. vil den framtidige verdien vere vesentleg forringa. Produksjonspotensialet vert då minka, og vil gi rom for færre arbeidsplassar enn med 280 l/s. Framtidige produksjonsmetodar og regelverk kan også verte meir vasskrevjande enn i dag, t.d. ved skjerpa krav om meir plass og vatn til

kvar smolt enn i dag. Om noverande leigetakar og kjøpar av fiskeanlegget er nøgd med kapasiteten, så har det vist seg at eigarforholda kan endre seg fort i bransjen. Ein kan få inn eigarar som vil nytte anlegget opp mot maksimal kapasitet. Med redusert vassføring til fiskeanlegget frå Lillebøvassdraget, blir det press om meir vassføring frå andre vasskjelder, då frå Daleelva (Storeelva). Denna elva er meir utsatt for ureining, slam og mogeleg smitte, og er ei mykje dårlegare vasskjelde for smoltproduksjon. Det er og stor motstand mellom oppsitjarane til Daleelva mot at denne vert brukt, både av alt nemde årsaker og av omsynet til miljø, rekreasjon og laksestammen i elva. Vi har inga tru på at Tussa Kraft i ein slik situasjon igjen vil bli pålagd å auke minstevassføringa frå kraftverket, slik at vatnet då vert teke i Daleelva i staden.

For å sikre arbeidsplassane ved oppdrettsanlegget, meiner vi difor at Tussa Kraft framleis oppretthalde ei minstevassføring på 280 l/s.»

Møre og Romsdal fylkeskommune uttalte i brev av 26. februar 1997 at saken skulle legges frem for Nærings- og miljøutvalget. I fylkeskommunens brev av 6. mars heter det:

«På møtet 05.03.97 gjorde nærings- og miljøutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune i sak NM28/97 A følgjande vedtak:

«Nærings- og miljøutvalget sluttar seg til ei endring av pkt. 2 i manøvreringsreglementet for regulering av Litlebøvatnet i samsvar med NVE si innstilling av 16.1.97 slik at settefiskanlegget alltid er sikra ei vassmengde på minst 150 l/sek. til si drift.»

Fra utvalgets konklusjon siteres det:

«Slik som pålegget om vasslepp til settefiskanlegget har vore praktisert, finn vi det ikkje urimeleg at kravet blir redusert. Etter vårt syn må ein unngå å tappe vatn frå Daleelva til anlegget sin produksjon. Vasstiltførselen må sikrast gjennom å tappe frå magasinet i Litlebøvatnet i periodar der kraftverket står og naturleg tilsig til Litlebøelva ikkje gir tilstrekkeleg vassforsyning til settefiskanlegget. Vatnet kan då sleppast direkte til elva eller slik det er praktisert; gjennom rørgata frå dammen. Vi tolkar NVE si innstilling slik at Tussa Kraft AS etter deira framlegg vil vere pliktig å magasinere for å kunne fylle kravet til minstevasslepp.»

I Miljøverndepartementet sin uttalelse av 27. februar 1997 heter det:

«Miljøverndepartementet finner å kunne akseptere en reduksjon i avgivelsen av vann til settefiskanlegget på Dale slik det er foreslått, og har ut over dette ingen merknader til innstillingen.»

I *Fiskeridepartementet* sin uttalelse av 3. mars 1997 heter det:

«Fiskeridepartementet godtar endringen i manøvreringsreglementet for regulering av Litlebøelva i Volda, slik at settefiskanlegget er sikret en minste vannmengde på 150 l/sek.

Vi vil påpeke at slik forslaget fra NVE er utformet, kan dette misforstås, i og med at det står «inntil» 150 l/sek. Ordet «inntil» bør strykes.»

Volda kommune har uttalt i brev av 24. mars:

«Vi melder med dette frå at kommunestyret den 20.03.97 hadde føre følgjande sak:

Sak 0036/97

Tussa Kraft AS - Søknad om endring av konsesjonspålagt vannslipping til settefiskanlegg, der det vart gjort slikt vedtak:

Volda kommune rår Olje- og energidepartementet til å oppretthalde manøvreringsreglementet av 04.03.1988 for regulering av Litlebøvatnet, Volda kommune.

Skulle driftstans av kraftverket skje i ei tørr periode, så vil den delen av dei 280 litrane som settefiskanlegget ikkje gjer seg nytte av sikre ei beskjeden, men nyttig vassmengd for naturleg yngel av laksefisk i den nedre delen av vassdraget. Å oppretthalde manøvreringsreglementet vil og vere positivt for vasskvaliteten og eventuelle framtidige behov for vatn til settefiskanlegget.»

IV. Departementets bemerkninger

Den foreliggende sak gjelder spørsmål om endring av den pålagte vannslippingen til settefiskanlegget som bestemt i manøvreringsreglementets punkt 2 i konsesjon for regulering av Litlebøelva.

Det opprinnelige settefiskanlegget som var tiltenkt vann er gått konkurs. Anlegget er for tiden leid ut av den nåværende eier - Tussa Kraft A/S, og det er mulighet for salg. Den nåværende leier og fremtidige kjøper av settefiskanlegget, mener at en vannslipping på 150 l/sek. er tilstrekkelig for driften av anlegget. Det er derfor søkt om at den konsesjonspålagte vannslippingen på 280 l/sek. til settefiskanlegget begrenses til 150 l/sek.

I den gjeldende tillatelse av 4. mars 1988 er det ikke pålagt minstevannføringsslipp til vassdraget av hensyn til allmenne interesser. Vannet som nå slippes er bare beregnet til forbruk for settefiskanlegget.

For å oppretthalde de pålagte 280 l/sek. er vann blitt avgitt fra undervatnet til kraftverket. I de perioder kraftverket står, og det ikke er nok naturlig

vannføring i elva til å oppretthalde den pålagte mengden vann, har vannet blitt levert fra kraftverkets rørgate via en redusjonsventil, direkte til settefiskanlegget. Den naturlige restvannføringen i vassdraget ovenfor settefiskanlegget endres derfor ikke i forhold til tidligere tilstand dersom den pålagte vannslippingen reduseres som omsøkt.

Settefiskanlegget har i dag et reserveinntak i Daleelva. Det er imidlertid naturlig oppgang av laks i Daleelva, og vannet kan ha smittestoff i seg. Under tiden er også elva forurenset på grunn av ulike menneskelige aktiviteter i nedslagsfeltet - opprensning av grøfter, gjødsling m.m. Det er derfor lite ønskelig å benytte dette inntaket.

NVE anbefaler at Tussa Kraft AS får tillatelse til å redusere det pålagte krav til slipp av minstevannføring til 150 l/sek. Da det er lite ønskelig å benytte vann fra Daleelva, anbefaler NVE at Tussa Kraft AS skal garantere denne mengden suppleringsvann til settefiskanlegget. I de perioder kraftverket står, og den naturlige restvannføringen i Litlebøelva er mindre enn 150 l/sek. ved inntaket til settefiskanlegget, må kraftverket derfor slippe magasinvann for å oppfylle kravet til vannmengde.

Landbruksdepartementet har ingen merknader til at manøvreringsreglementet endres som omsøkt. Fiskeridepartementet godtar endringen i reglementet, men påpeker at NVEs forslag «inntil 150 l/sek» kan misforstås og at ordet «inntil» bør strykes. Miljøverndepartementet finner å kunne akseptere reduksjonen i vannslippingen.

Møre og Romsdal fylkeskommune slutter seg også til endringen som foreslått av NVE, men fylkeskommunen mener at en bør unngå å tappe vann fra Daleelva til anleggets produksjon. Volda kommune råder departementet til å oppretthalde det gjeldende manøvreringsreglementet, da dette vil være positivt for yngel av laksefisk i nedre del av vassdraget, vannkvaliteten og eventuelle fremtidige behov for vann til settefiskanlegget.

Dalsbygd grendalag er også opptatt av at reserveinntaket i Dalselva må fjernes for å ivareta de allmenne interesser i Dalselva. Grunneierne Nilsen og Løset går i mot søknaden fordi kapasiteten på oppdrettsanlegget ikke vil kunne utnyttes fullt ut med en reduksjon av vannslippingen til 150 l/sek. og dette vil gi rom for færre arbeidsplasser i bygda.

Selv om den gjeldende vannmengden ville være positiv for lakseyngel og vannkvaliteten i elva slik kommunen anfører, kan ikke dette være noe argument i vurderingen av dette konsesjonsvilkåret. Departementet vil peke på at det ikke er pålagt minstevannføringsslipp til vassdraget av hensyn til allmenne interesser. Vannmengden er kun tiltenkt

settefiskanlegget og ikke ment som noen generell minstevannføring. Departementet finner det heller ikke naturlig å vurdere utviklingen av settefiskanleggets produksjon og eventuelle fremtidige arbeidsplasser i denne sammenheng. NVE uttaler i denne forbindelse «at dersom det senere skulle vise seg at det blir behov for ytterligere vatn til settefiskanlegget, vil dette være et forhold som må løses mellom Tussa Kraft AS og settefiskanlegget». Departementet slutter seg til NVEs uttalelse.

Departementet vil ut fra ovennevnte tilrå at manøvreringsreglementet for regulering av Litlebøelva punkt 2 endres slik at konsesjonærens forpliktelse for vannslipping til settefiskanlegget reduseres fra 280 l/sek. til 150 l/sek.

NVE uttaler i sin innstilling at det er lite ønskelig å benytte vann fra Daleelva. NVE tilrår derfor at Tussa Kraft AS skal garantere suppleringsvann opp til 150 l/sek til settefiskanlegget. Dette medfører at kraftverket i enkelte perioder må slippe magasin vann for å oppfylle kravet til vannmengde. Departementet er enig i de betenkeligheter som er fremkommet mot å benytte reserveinntaket i Daleelva. Departementet er derfor enig med NVE i at kraftverket bør være pliktig til å slippe magasin vann for å oppfylle kravet til vannmengde forbi settefiskanleggets vanninntak, dersom nødvendig. I likhet med NVE forutsetter departementet at reserveinntaket i Daleelva opprettholdes, men at en bruk av denne kun er en nødløsning dersom all annen vannforsyning slår feil.

Departementet tilrår at manøvreringsreglementet for regulering av Litlebøelva i Volda endres som omsøkt. Olje- og energidepartementet er imidlertid enig med Fiskeridepartementet i at ordet «inntil» som foreslått av NVE, bør sløyfes. Departementet foreslår at nytt pkt. 2 skal lyde:

«Konsesjonæren plikter å avgi nødvendig vann til settefiskanleggets vanninntak i Litlebøelva, slik at settefiskanlegget alltid er sikret en vannmengde på 150 l/sek til sin drift. Forøvrig kan manøvreringen foregå etter kraftverkets behov.»

Olje- og energidepartementet

tilrår:

Manøvreringsreglementet for regulering av Litlebøelva i Volda kommune, fastsatt ved kongelig resolusjon 4. mars 1988, endres i samsvar med forslag inntatt i Olje- og energi i departementets foredrag av 18. juni 1998.

16 Andøy Energi AS

Regulering av Bleiksvatn på Hinnøya. Endring av vilkår.

Kongelig resolusjon 18. juni 1998.

I. Innledning

Ved kongelig resolusjon 31. mars 1949 fikk daværende Andøy Kraftlag konsesjon for regulering av Bleiksvatn på Hinnøya. Reguleringen utnyttet i Lovik kraftanlegg.

Ved Nærings- og energidepartementets brev av 09.01.95 ble det i forbindelse med omdannelsen av Andøy Kraftlag til aksjeselskap gitt samtykke til at ovennevnte reguleringskonsesjon ble overført fra Andøy Kraftlag til det nyopprettede Andøy Energi AS på uendrede vilkår.

Fallrettighetene tilknyttet Lovik kraftanlegg er under den konsesjonspliktige grense etter industri-konsesjonsloven, og det var derfor ikke nødvendig å søke fritak fra forkjøpsrett og konsesjonsbehandling etter denne lovens § 1, 4. ledd. Det er i tråd med vanlig praksis å samtykke til overføring av tilknyttede reguleringskonsesjoner i saker der det ble gitt unntak etter § 1, 4. ledd. Departementet så ikke grunnlag for noen annen praksis der overføringen av fallrettighetene er konsesjonsfri.

Foreliggende sak gjelder søknad om endring av vilkår om tidsbegrensning i reguleringskonsesjonen av 31. mars 1949.

II. Søknaden

På vegne av Andøy Energi AS har advokatfirmaet Wessel Fredriksen, Storløyken, Edvardsen, Andersen og Nordtvedt i brev av 13.10.97 søkt om at reguleringskonsesjonen for Bleiksvatn på Hinnøya omgjøres fra å være tidsbegrenset med 50 års varighet fra konsesjonstidspunktet til å bli tidsubegrenset.

Søknaden lyder som følger:

«Daværende Andøy Kraftlag ble ved kgl. res. av 31. mars 1949 gitt reguleringskonsesjon for Bleiksvatn på Hinnøya. Reguleringskonsesjon for Bleiksvatn med tilhørende Betingelser vedlegges.

Ved Nærings- og energidepartementets brev av 9.01.1995 ble det gitt samtykke til at reguleringskonsesjonen knyttet til Lovik kraftanlegg, d. v. s. Bleiksvatn, ble overført fra Andøy Kraftlag til Andøy Energi AS på uendrede vilkår.

Andøy Energi AS, som eier de nevnte reguleringsanlegg, har anmodet meg, med henvis-